



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57643123
E-post: fmsftd@fylkesmannen.no

Vår dato
24.06.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/2300-
Dykkar referanse

Miljødirektoratet
(sendast til Nærøyfjorden verneområdestyre)

Nærøyfjorden landskapsvernområde - klage på vedtak om løyve til å oppføre fritidsbustad på Horten, Aurland kommune

Fylkesmannen klagar med dette på Nærøyfjorden verneområdestyre sitt vedtak om å gi løyve til å føre opp ein fritidsbustad på den nedlagde garden Horten. Vi ber om at verneområdestyret gjer om vedtaket sitt. Dersom verneområdestyret opprettheld vedtaket sitt, ber vi Miljødirektoratet om å gjere om vedtaket til Nærøyfjorden verneområdestyre.

Vi viser til brev av 13.06.2016 frå Nærøyfjorden verneområdestyre med melding om vedtak om løyve til å oppføre fritidsbustad (hytte) på Horten i Aurland kommune. Det er sett vilkår for løyvet. Fylkesmannen klagar med dette på vedtaket.

Heimel

Søknaden er vurdert etter § 48 i naturmangfaldlova og med det formålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde. «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 2. «Nærøyfjorden landskapsvernområde er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endra eller verke inn på landskapets art eller karakter.» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld ...oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar.... jf. § 3 punkt 1.1. a). Etter verneforskrifta kan det gjevast løyve til «oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd, fjellstyra sin aktivitet, og oppsyn» (verneforskrifta § 3.1.2). Fritidsbustad kjem ikkje under desse reglane, og søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova. I tillegg skal, etter naturmangfaldlova § 7, prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn for vedtaket og korleis dette er vurdert og vektlagt i saka.

Vedtaket i Nærøyfjorden verneområdestyre

Nærøyfjorden verneområdestyre grunnjev løyvet slik:

«Saka er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Styret viser til saksinnstillinga frå forvaltar for naturmangfaldlova (nml.) §§ 8 og 9. Dette tiltaket er særskilt i dette området ved at det er ein stor eigedom (ca. 2000 daa) utan bygningar. Oppføring av bygning vert vurdert som naudsynt for å ha godt tilsyn med eigedomen og kunna vedlikehalda stiar i området. Det er lite sannsynleg at det kjem

tilsvarande søknader i dette verneområdet, og tiltaket vil lite truleg gje presedens. Tiltaket er vurdert som eit skånsamt inngrep, og det vil ikkje vera føra til stor belastning på naturmiljøet jf. nml. § 10 i naturmangfaldlova. Kostnad med eventuelle miljøforinging skal berast av tiltakshavar jf. nml. § 11. Styret ynskjer at dette området skal kunne takast meir i bruk, og meiner plasseringa ikkje fører til skade på naturmangfaldet jf. § 12 i nml. om vurdering av lokalisering. Tiltaket er vurdert til ikkje å føra til nemneverdig skade på verneverdiane, og ikkje i strid med verneformålet. Med denne bakgrunn er det gjeve løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.

Dette løyvet gjeld berre tilhøva etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast om løyve etter plan- og bygningslova frå Aurland kommune.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8.2.ledd i Lova om kulturminne.»

Vurdering

Saka er grundig belyst i innstillinga frå verneområdeforvaltar, som innstilte på avslag på søknaden. Fylkesmannen viser difor til forvaltar si innstilling som grunnlag for kvifor søknaden må få avslag.

Etter vårt syn vil Nærøyfjorden verneområdestyre sitt vedtak om å gi løyve til oppføring av fritidsbustad på Horten fordi det etter vårt syn ikkje er heimel i verneforskrifta for å gi eit slikt løyve. Bygningen har ikkje landbruksformål og må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova. Oppføring av fritidsbustaden på ein gard som vart fråflytta for meir enn 150 år sidan og utan bygningar er i strid med verneformålet, og vil både aleine og gjennom presedensverknaden i stor grad påverke verneverdiane i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Horten er ein nedlagd gard der dei siste flytta derifrå i 1865. Eigedomen har i dag ingen bygningar.

Fylkesmannen meiner at det for mange andre eigedomar med tilsvarande storleik, både på eigen grunn og i sameige, kan vere aktuelt å søkje om oppføring av fritidsbustad. Fylkesmannen har ved fleire høve frå den tida vi var forvaltningsstyresmakt, vorte kontakta av grunneigarar som ville høyre om det ville vere mogleg å føre opp fritidsbustad i landskapsvernområdet, med m.a. med jakt som formål. Vi har då vist til at det ikkje er heimel for dispensasjon for dette etter verneforskrifta. Førespurnadene har gjaldt både oppføring på gamle stølsvollar der det ikkje er bygningar frå før, i område der det finst sel, og i område der det verken finst bygningar eller gamle murar.

Det finst også andre fråflytta gardar i landskapsvernområdet der berre murane står etter bygningane som no er borte, som Kappadalen, Solbjørgo og Aksnes.

Eit løyve til oppføring av fritidsbustad på garden Horten vil utvilsamt skape presedens for oppføring av fritidsbustad andre stader i landskapsvernområdet. Dette kan omfatte fritidsbustader på stølsvollar (med eller utan bygningar i dag), i urørde område der det ikkje finst bygningar, eller på dei andre fråflytta gardane. Vedtaket vil etter vårt syn vere i strid med verneformålet, og det vil i stor grad påverke verneverdiane i landskapsvernområdet. Det er difor etter vårt syn ikkje heimel for vedtaket om å gi løyve til oppføring av fritidsbustad på Horten.

Både i verneplanprosessen og gjennom arbeidet med forvaltningsplanen (godkjend 2008) vart det lagt opp til at det ikkje skulle førast opp nye bygningar der det ikkje var bygningar frå før, inkludert gamle stølsvollar og fråflytta gardar. Verneområdestyret sitt vedtak er i strid med den godkjende forvaltningsplanen.

Etter vår meining vil ikkje vilkåra som verneområdestyret har sett for oppføring av fritidsbustaden, avbøte dei uheldige verknadene av tiltaket.

Vi har også merka oss at kulturavdelinga tilrår avslag på søknaden ut frå følgjande grunngjeving «erfaringsmessig finnes det ofte eldre kulturminne frå jernalder og mellomalder i eldre tun. På bakgrunn av potensiale for funn av automatisk freda kulturminne rår vi i frå å gje dispensasjon for verneforskrifta til dette tiltaket» (frå verneområdeforvaltar si innstilling til styret).

Avslutningsvis vil vi peike på at oppføring av fritidsbustaden også krevje dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen, der det aktuelle området er lagt ut som LNF-område. For at det skal kunne gjevast dispensasjon frå kommuneplanen, må ikkje omsyna bak LNF-formålet eller omsyna i formålsparagrafen til plan- og bygningslova (pbl.) verte «vesentlig tilsidesatt» (skadelidande), og etter ei samla vurdering (jf. pbl. § 19-2) må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene. Begge desse vilkåra må vere innfridde for at det skal kunne gjevast dispensasjon. Vi ser det som tvilsamt om begge desse vilkåra ville vore innfridde i ei slik dispensasjonssak, men sidan dette er opp til kommunen å ta stilling til, går vi ikkje nærare inn i dette. Vi vil likevel understreke at oppføring av ein fritidsbustad langt frå andre bygningar i eit slikt fjordlandskap, klart vil kome i strid med gode plan- og naturforvaltningsprinsipp.

Konklusjon

På bakgrunn av det som er sagt over klagar Fylkesmannen på Nærøyfjorden verneområdestyre sitt vedtak om å gi løyve til å føre opp ein fritidsbustad på den nedlagde garden Horten. Vi ber om at verneområdestyret gjer om vedtaket sitt. Dersom verneområdestyret opprettheld vedtaket sitt, ber vi Miljødirektoratet om å gjere om vedtaket til Nærøyfjorden verneområdestyre.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post:

Aurland kommune

Nærøyfjorden verneområdestyre v/ verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes